

Referat frå Elevråd 14.01.25

Tilstades; Lilja, Jonas, Trym, Jenny, Jens og Kristin.

Sak 25) Fysak:

Elevrådet ynskjer å kutta tur, og heller ha leiker. Litt varierte leiker og ikkje berre kanon ball. Kan td ha kanonball ein dag, og leiker dei andre dagane. Døme på leiker elevrådet kan tenka seg: Balltikken, avisleiken, brent ball, hjørnefotball, gamle TL leiker som Rockehuset.

Sak 26) Barn og unges kommunestyre. Det er gildt, men me skulle ynskja summen vart auka, den har vore 75 000 i fleire år og alt er blitt dyrare. Det var bra at me kunne senda inn spørsmål til ordføraren i forkant og at han svarte, sjølv om me ikkje fekk svaret me skulle ynskja oss.

Sak 27) Bokveke 17.-21. februar

- Det kan vera litt vanskeleg å finne bøker. Døme; «Gutta i trehytta» (kome ny bok 169 etasjer og vitsebok). Fleire «Amuletten» bøker. «Floke», - mangler bok nr. 2.. Låne fleire faktabøker og evt teikneseriar (Donald Duck o.l)
- Kjekt å ha noko å ligga å lesa på.
- Stress å fylla ut arket til ormen, - (må me fylle ut alt?).
- Elevrådet har lyst å ha eit temarom og skrivestafett og avslutta med fellessamling og opplesing av forteljinga.

Sak 28) Eventuelt

- Dårleg internett på deler av skulen, spesielt der me er fleire klassar saman, og elevane slit med å logga inn på sider der dei skal arbeida. (6.kl, 5.kl, brakka. + tavla i 6.klasserommet for lærarane)
- Neste elevråd 11.02.25

Referent

Kristin Sando

Elevrådskontakt